

## Rapport Openheitslova

### Leverandører og forretningspartnarer

Styrehandsama og godkjent: 18.06.2025

#### FNs BÆREKRAFTSMÅL



## Innhald

---

1.	Innleiing.....	3
2.	Openheitslova .....	3
3.	Voss Sparebank si handtering av Openheitslova .....	4
3.1	Eigenvurdering og organisering .....	4
3.2	Risiko- og fokusområde.....	5
3.3	Grundig analyse .....	5
3.4	Vidare oppfølging og tiltak.....	6
4.	Aktsemdvurdering Voss Sparebank.....	6
4.1	Status per utgangen 2024.....	6
5.	Kontaktinformasjon.....	7
6.	Vedlegg – Spørjeskjema utarbeidd av LB Selskapet AS.....	8

## 1. Innleiing

---

Lov om verksemder si openheit og arbeid med grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, forkorta Openheitslova, trådde i kraft 1. juli 2022. Lova pålegg verksemder å utføra aktsemdvurderingar for å kunne stansa, førebyggja og avgrensa negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold. Dette verkar inn både på Voss Sparebank sin eigen organisasjon og banken sine leverandørar og forretningspartnarar.

Denne rapporten for viser status for Voss Sparebank per utgangen av 2024, for dei leverandørane og forretningspartane banken har hatt gjennom 2024. Det er gjennomført aktsemdvurderingar både for banken sine eige leverandørar og fellesleverandørar gjennom Lokalbanksamarbeidet.

Fråsegnen er styrehandsama på styremøte 18. juni 2025, og deretter publisert på banken sine heimesider.

## 2. Openheitslova

---

Openheitslova skal fremje verksemder si respekt for grunnleggjande menneskerettigheitar og sømelege arbeidsforhold, òg sikre at allmennheita får tilgang på informasjon.

Verksemder som er omfatta av lova må gjennomføra aktsemdsvurdering. Dette tilseier ein prosess der verksemda kartlegg, førebygg og gjer greie for korleis faktiske og potensielle negative konsekvensar skal handterast. Med negative konsekvensar er det meint sannsynet for negativ påverknad på nemnde forhold.

Aktsemdvurderinga skal gjennomførast regelmessig, basert på ei risikobasert tilnærming, med utgangspunkt i verksemda sin størrelse, art, kontekst, grad av alvor og sannsynet for negative konsekvensar på grunnleggjande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold.

Verksemder må vidare offentleggjera ei utgreiing, enten på eigne nettsider eller som ein del av utgreiinga om samfunnsansvar etter rekneskapslova. Krav til utgreiinga er gjengjeve under og er henta frå Openheitslova § 5:

- a) *«en generell beskrivelse av virksomhetens organisering, driftsområde, retningslinjer og rutiner for å håndtere faktiske og potensielle negative konsekvenser for grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold*
- b) *opplysninger om faktiske negative konsekvenser og vesentlig risiko for negative konsekvenser som virksomheten har avdekket gjennom sine aktsomhetsvurderinger*
- c) *opplysninger om tiltak som virksomheten har iverksatt eller planlegger å iverksette for å stanse faktiske negative konsekvenser eller begrense vesentlig risiko for negative konsekvenser, og resultatet eller forventede resultater av disse tiltakene».*

Vidare pålegg lova verksemder informasjonsplikt. Det vil seie at alle kan, ved skriftleg førespurnad, krevja å få informasjon om korleis verksemder handterer dei faktiske og potensielle negative konsekvensane som er vurdert i aktsemdvurderingane.

### 3. Voss Sparebank si handtering av Openheitslova


#### 3.1 Eigenvurdering og organisering

Voss Sparebank er ein lokal sparebank, lokalisert på Voss. Banken tilbyr lån, forsikringar, spareprodukt og andre banktenester ein treng til dagleg bruk.

Banken er skipa i 1843 og er ein tradisjonell sparebank utan eksterne eigarar. Per utgangen av 2024 hadde banken 28 tilsette.

Voss Sparebank er med i LOKALBANK, som er eit samarbeid mellom 16 sjølvstendige sparebankar gjennom blant anna felles innkjøp og standardisering. Samarbeidet er koordinert gjennom det felles eigde LB Selskapet AS. Medlemsbankane er vist i figur 1.

Figur 1: Medlemsbankar i LOKALBANK-samarbeidet



Kjelde: [www.lokalbank.no](http://www.lokalbank.no)

Voss Sparebank har utarbeida etiske retningslinjer som årleg vert godkjent av styret, og deretter sendt ut til alle tilsette for signering. Dei etiske retningslinjene skal syta for at banken si drift er ærleg og tillitsvekkjande og i tråd med dei lover, forskrifter og normer som elles gjeld i samfunnet. Risikoen for potensielle negative konsekvensar eller brot på grunnleggjande menneskerettar eller sømelege arbeidsforhold i Voss Sparebank er vurdert som låg.

Det er vidare utarbeida rutine knytt til korleis banken handterer Openheitslova, jamfør punkt 3.2 til 3.4. Når det gjeld organisering, er det adm. banksjef som har det overordna ansvaret knytt til Openheitslova. Adm. banksjef skal i tillegg svara ut eventuelle førespurnader som banken mottek.

Felles innkjøpssamarbeid gjennom LOKALBANK medfører at deler av banken sin leverandørmasse er felles for alle eller delar av bankane i samarbeidet. For desse leverandørane har LB Selskapet AS føretatt aktsemdvurdering og innhenta svar på spørjeundersøking i dei tilfelle der det er aktuelt.

### 3.2 Risiko- og fokusområde

Som utgangspunkt for aktsemdvurderingane har Voss Sparebank lagt til grunn erfaring og eksisterande kunnskap knytt til kvar einiskild leverandørar og forretningspartnarar. Vidare er det lagt til grunn erfaring og kunnskap knytt til bransje- og produktisiko, samt risiko knytt til dei geografiske tilhøva der aktøren har lokalisert si verksemd. Dette vert supplert med innhenting av svar på spørjeundersøking der det er definert som naudsynt, jamfør avsnitt 3.3.

FN definerer menneskerettar som «*grunnleggjande rettigheit*ar alle har, *uavhengig av kjønn, alder, religion, legning, nasjonalitet eller kor i verden dei bor*»<sup>1</sup>. Voss Sparebank har i sitt arbeid definert fyljande risiko- og fokusområde som dei mest vesentlege innanfor grunnleggjande menneskerettar:

- Sosial sikkerheit
- Ingen barnarbeid
- Ingen tvangsarbeid
- Likestilling mellom kjønn

Når det gjeld sømelege arbeidsforhold har Voss Sparebank definert fyljande risiko- og fokusområde som dei mest vesentlege:

- Rettferdig løn (minsteløn)
- Ingen diskriminering
- Trygge arbeidsforhold (HMS)
- Fornuftige avgrensingar i arbeidstid
- Rett til å organisere seg
- Moglegheiter for fagleg og personleg utvikling

### 3.3 Grundig analyse

Voss Sparebank skal årleg ta stilling til alle eksisterande og nye leverandørar og forretningspartnarar. Dette skal gjennomførast som ei risikobasert tilnærming. Grad av aktsemdvurdering er i fyrste omgang avhengig av leverandøren eller forretningspartnaren sitt årlege fakturabeløp, jamfør figur 2. Banken har valt å skilje på beløp då påverknadskrafta er antatt å vera større for aktørar med store leveransar enn for aktørar med små leveransar. Dersom det er kjende faktorar som tilseier at ein leverandør eller forretningspartnarar skal undersøkast nærare enn det samla fakturabeløp tilseier, skal aktsemdvurdering likevel gjennomførast.

Som figur 2 viser, skal det gjennomførast ei aktsemdvurdering for alle leverandørar og forretningspartnarar i kategori A og B. For kategori C gjeld dette berre dersom forholda tilseier det. I tillegg skal det sendast ut spørjeundersøking for leverandørar og forretningspartnarar i kategori A, med mindre det er forhold som tilseier at dette ikkje er naudsynt. For felles leverandørar gjennom LOKALBANK-samarbeidet, er det LB Selskapet AS som innhentar svar på spørjeundersøkinga. Kopi av spørjeundersøkinga er vedlagt i kapittel 5 i dette dokumentet.

Banken har stilt krav til at minimum 10 aktørar skal liggja til kategori A. Dvs. at dersom færre enn 10 tilfredsstillar beløpskravet, er det dei 10 største leverandørane/ forretningspartnarane som skal leggjast i kategori A.

---

<sup>1</sup> <https://www.fn.no/tema/menneskerettigheter/menneskerettigheter>

**Figur 2:** Oversikt over Voss Sparebank si aktsemdvurdering av leverandører og forretningspartnær.

<p>Kategori A: Årleg leveranse over 0,5 MNOK (*)</p>	<ul style="list-style-type: none"><li>•Leverandør eller forretningspartnær av ein slik størrelse at aktsemdvurdering skal gjennomførast i form av:</li><li>•Kvalitativ undersøking basert på kunnskap og erfaring med aktøren, bransje- og produktrisiko og risiko knytt til geografiske forhold.</li><li>•Spørjeundersøking, med mindre det er forholdsom tilseier at dette ikkje er naysynt.</li></ul>
<p>Kategori B: Årleg leveranse mellom 0,1 og 0,5 MNOK</p>	<ul style="list-style-type: none"><li>•Leverandør eller forretningspartnær av ein slik størrelse at aktsemdvurdering skal gjennomførast som ei kvalitativ undersøking basert på kunnskap og erfaring med aktøren, bransje- og produktrisiko og risiko knytt til geografiske forhold.</li><li>•Spørjeundersøking skal gjennomførast dersom den kvalitative undersøkinga avdekkar konkrete risikomoment.</li></ul>
<p>Kategori C: Årleg leveranse under 0,1 MNOK</p>	<ul style="list-style-type: none"><li>•Leverandør eller forretningspartnær av ein slik størrelse at den i utgangspunktet blir kategorisert med låg risiko.</li><li>•Dersom det er forhold som tilseier at risiko er tilstades skal kvalitativ undersøkelse gjennomførast. Det same gjeld spørjeundersøking, dersom risikoen tilseier det.</li></ul>

(\*) Kategori A skal minimum bestå av 10 leverandører/forretningspartnær. Dvs. at dersom færre enn 10 tilfredsstillende beløpskravet, er det dei 10 største aktørane som skal leggjast i kategori A, uavhengig av samla årleg fakturabeløp.

### 3.4 Vidare oppfølging og tiltak

Dersom Voss Sparebank, gjennom analysen i avsnitt 3.3, konkluderer med at ein leverandør eller forretningspartnær utgjør vesentleg risiko for potensielle negative konsekvensar eller brot på grunnleggjande menneskerettar eller sømelege arbeidsforhold, skal aktøren fyljast tett opp. Leverandøren eller forretningspartnæren skal kontaktast og forholda skal undersøkast nærare. Vidare skal tiltak settast i verk med tanke på å retta opp, redusera eller eliminere den risikoen som er avdekket.

Dersom risikoen ikkje vert redusert til akseptabelt nivå, vil siste konsekvens vera at Voss Sparebank vil avslutta kundeforholdet med den aktuelle aktøren.

## 4. Aktsemdvurdering Voss Sparebank

### 4.1 Status per utgangen 2024

Voss Sparebank har gått gjennom alle leverandører og forretningspartnær banken har hatt i løpet av 2024. Desse er gruppert ut frå klassifiseringa i figur 2. Det er deretter gjennomført ei aktsemdvurdering av aktørane i kategori A og B. Vidare er det vurdert om det er leverandører og forretningspartnær i kategori C som skal flyttast opp grunna sannsyn for auka risiko. Til sist er det vurdert om det er enkelte kundar i kategori A som skal undersøkast nærare i form av spørjeundersøking.

Til grunn for aktsemdvurderinga ligg ei vurdering av fylgjande forhold:

- Eksisterande kunnskap og erfaring om aktøren
- Eksisterande kunnskap og erfaring knytt til bransje- og produktrisiko
- Eksisterande kunnskap og erfaring knytt til geografiske forhold

Tabell 1 viser oversikt over samla innkjøpsvolum og antal leverandører og forretningspartnarar i Voss Sparebank i løpet av 2024. Aktører banken har gitt gåver eller sponsa på andre måtar ikkje er medrekna.

Tabell 1: Oversikt over Voss Sparebank sitt innkjøpsvolum og antal leverandører/forretningspartnarar i 2024

Innkjøp og leverandører/forretningspartnarar	Innkjøp i prosent	Antal aktører
Samla innkjøp 2024	100	221 stk. (100 %)
Leverandører aktsemdvurdert i kategori A	80	11 stk. (5 %)
Leverandører aktsemdvurdert i kategori B	15	44 stk. (20 %)
Leverandører aktsemdvurdert i kategori C	5	166 stk. (75 %)

Som det framgår av tabell 1 står leverandørane definert i kategori A og B for 95 prosent av innkjøpsvolumet og 25 prosent av leverandørmassen i 2024. Storparten av Voss Sparebank sitt innkjøpsvolum er knytt til leverandører og forretningspartnarar med forretningsområde innan IT, banksystem, forsikring, energi, i tillegg til statleg og offentleg forvaltning. I hovudsak er det snakk om norske aktører, men nokre er globale selskap med aktivitet andre stadar i verden.

Voss Sparebank har p.t. ikkje avdekka forhold som tilseier vesentleg risiko for potensielle negative konsekvensar eller brot på grunnleggjande menneskerettar eller sømelege arbeidsforhold.

Banken har hatt møte med nokre av dei største leverandørane med openheitslova som tema. I tillegg er det, gjennom LOKALBANK-samarbeidet, sendt ut spørjeundersøking til 20 av Voss Sparebank sine leverandører. Dette er leverandører som er felles for LOKALBANK-samarbeidet. Inkludert spørjeundersøking og informasjonsmøte, er svarprosenten om lag 85 prosent.

For dei leverandørane banken ikkje har vore i kontakt med, er det ikkje gjort funn som tilseier at det er naudsynt å gjera nærare vurdering i form av ei spørjeundersøking. Leverandørane på nivå C er gjennomgått, og det er ikkje gjort funn som tilseier at det er naudsynt å gjennomføra aktsemdvurdering på desse.

## 5. Kontaktinformasjon

---

Eventuelle førespurnader knytt til denne knytt til denne fråsegna eller om vårt arbeid med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold kan rettast til:

Voss Sparebank:

- **Postadresse:** Postboks 50, 5701 Voss
- **E-post:** [post@vossabanken.no](mailto:post@vossabanken.no)

## 6. Vedlegg – Spørjeskjema utarbeidd av LB Selskapet AS

---

### Aktsomhetsvurdering - Åpenhetsloven

Selskap:

\*

Kontaktperson:

\*

Rolle i selskap:

\*

E-postadr. kontaktperson:

\*

Org.nr.:

\*

Antall ansatte:

\*

Omsetning i 1000kr:

\*

---

Er selskapet underlagt åpenhetsloven?

- \*  Ja   
 Nei

Har selskapet gjennomført en risikovurdering for brudd på menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold i deres virksomhet og verdikjede?

- \*  Ja   
 Nei  
 Nei, på bakgrunn av få ansatte (under 5)

Har selskapet en bærekraftspolicy?

- \*  Har en bærekraftspolicy som er offentliggjort (på nett eller i årsrapport)   
 Har en bærekraftspolicy, men den er ikke offentliggjort  
 Har ikke en bærekraftspolicy  
 Nei, på bakgrunn av få ansatte (under 5)

Evt. kommentar:

Har selskapet et miljøstyringssystem

(f.eks. kjente miljøstyringssystemer Norge: ISO 14001: 2015, EMAS og Miljøfyrtårn)?

- \*  Bruker et miljøsystem som er verifisert av en uavhengig og anerkjent tredjepart   
 Bruker et miljøsystem som ikke er verifisert av en uavhengig og anerkjent tredjepart eller har egenutviklede miljøstyringsprosesser  
 Ingen miljøstyringssystemer  
 Nei, på bakgrunn av få ansatte (under 5)

Evt. kommentar:

**Har selskapet utarbeidet etiske retningslinjer (Code of Conduct)?**

- \*  Selskapet har etiske retningslinjer som dekker flere av temaene nevnt ovenfor og denne publiseres på nettsiden og/eller i års rapportering ⓘ  
 Selskapet har etiske retningslinjer som er publisert offentlig  
 Selskapet har utarbeide etiske retningslinjer, men denne er ikke offentlig tilgjengelig  
 Selskapet har ikke etiske retningslinjer  
 Nei, på bakgrunn av få ansatte (under 5)

**Evt. kommentar:**

**Har selskapet utarbeidet etiske retningslinjer (Code of Conduct) for leverandører og forretningsforbindelser?**

- \*  Ja ⓘ  
 Nei  
 Nei, på bakgrunn av få ansatte (under 5)

**Arbeider selskapet med likestilling og mangfold innen organisasjonen og hos samarbeidspartnere/leverandører?**

- \*  Ja, og rapporterer offentlig om dette (gjelder både internt og eksternt) ⓘ  
 Ja, og rapporterer offentlig om dette (gjelder kun interne forhold)  
 Ja, men rapporterer ikke  
 Nei  
 Nei, på bakgrunn av få ansatte (under 5)

**Evt. kommentar:**

**Gjennomføres det en årlig vernerunde blant de ansatte?**

- \*  Ja ⓘ  
 Nei  
 Nei, på bakgrunn av få ansatte (under 5)

**Har selskapet en varslingskanal for varsling av kritikkverdige forhold?**

- \*  Har en varslingskanal ⓘ  
 Har ikke en varslingskanal, men har en rutine for dette  
 Har hverken varslingskanal eller en rutine

**Evt. kommentar:**

**Har alle ansatte i virksomheten skriftlige arbeidssavtaler?**

- \*  Ja  
 Nei

**Evt. kommentar:**

**Har virksomheten inngått avtale med ett eller flere fagforbund?**

- \*  Ja ⓘ  
 Nei

**Evt. kommentar:**

Gjennomfører selskapet medarbeiderundersøkelser?

- \*  Ja   
 Nei  
 Nei, på bakgrunn av få ansatte (under 5)

Evt. kommentar:

Har selskapet leverandører eller forretningsforbindelser innen høyrisikobransjer for brudd på menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold?

- \*  Ja   
 Nei

Har selskapet forretningsforbindelser med høyrisikoland for brudd på menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold?

- \*  Ja   
 Nei

Er det noe mer dere ønsker å tilføye angående egen verdikjede, forretningspartnere eller bransjespesifikke utfordringer og måten dere håndterer dette på?

**Vi setter pris på din tilbakemelding!**

Vennligst angi om det var spesifikke spørsmål som opplevdes mer/mindre relevante eller om det er aktiviteter/områder dere arbeider med innen ESG som ikke ble fanget opp av spørreskjemaet. Alle andre tilbakemeldinger mottas også med takk.

Evt. vedlegg: 